

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Fylke: Møre og Romsdal  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Tressjørd  
 Emne: Gamal engkultúr. Bygdelag: Tressjørdbygda  
 Oppskr. av: Hans Skeidsvoll Gard: Skeidsvoll  
 (adresse): Tressjørd G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): 80 år -

## SVAR

Filsp. 1. Ord som eng og utslåttar er ikkje brukte til vanleg. Er slåttateigen i ei skoglid vert nemningi eit markaslätte når ein ikkje nemmer namnet på teigen. Døme: Me held på i markaslättå (sl.) Slätte meir til fjells, endå til övrai skoggrensa, nemmer me fjellslätte. Ord som skre er lite brukte, derimot ei attlage er vanleg: ein åker som hev vorte til grasmark.

„Langhøy“ vekes på gjødsla attlage (sl.) „vallahøy“ på üdyrka god innmark og „småhøy“ på ring kratlemark. „Strogaför“ er ei nemning på høy frå markaslätte. Høyet frå fjellslättå er striare (stivare) gras, tørka snarare, vert ofta kalla „sjeine“ istaden for småhøy.

Sp. 2. Det hev mange stader vore mykje arbeid å ry opp i skog og mark, brenne lyng og ruskelved for å få til slåttamark; slåande mark. Mykje skog vart vekkehög ved lauring, til brensel på gruva og til bråtebrenning.

I slätte der det vokes skog var det eit „årnesst“ arbeid, på dei bruk det var mykje markaslätt, i fleire dagar om våren når snøen var reist, å ry og rake ihop laur og kvist til „röte“ som helst borni sekk brenne ein vindstill kveld. Oska vart gjerne sparka ütover seinare om det hövde so.



2.  
Sp. 3. Gamle, utsvöltne attlogo byrja dei å horva mosen av når det vart mosehorvar å gå. Horva ikkje so mykje at det vart tøvande å så grasfrø.

Det var serleg nyrydningsmenn som braut jord for å få til åker og langhøy. Tre året nybrøta var oppa som åker- og ikkje torva vart oppattsnudd - vilde det verta gras og øgras i åkeren meir enn andre år. Væren etter var det aftaste bra overgrodd. Var det bot som synt seg å vera seine å gro over, so sådde dei høyfrørusk på, fråna det heile med ei vanleg åkertadsmengd og so horva det heile med ei komhorns. Med rikeleg fråning kvar vår utetter vart det bra langhøymark etter den tid å vera.

Sp. 4. For lang tid sidan er det opendaga at vatsspreng i overflata og etter botnen sette ned voksterevna.

I bakkehall bruktest mykje skålveitor for å begge flövatnet tilsides. Dei attsette veitor var oftaste for grynne. So det var flatlendt bruktest tildels åpne veitor.

Vatning hev ikkje vore brukt avdi det jant over er bra djup jord, - men det vert truleg innsett at med gode vatneanlegg kan avlingi aukast mykje sume år.

Sp. 5. Eil vanleg var fråna brukt på åkeren avdi det var viktigaste å avla korn. Når dei tok til avla potet bruktest sautalle (vintertalle) på han. Sumartallen var jant blanda med myr og høvde betes på kornåkeren.

Sp. 6. Fräu og fråning er nok gamlare ord her engdsel og gjødsling. Fräueng er ikkje brukt ord her, derimot tøfjör og tøgras. For dette ordbruket kan me og meine, at grasmark ikkje hev vore nemnande fråna.

3062



Sp. 7. Ja, det her vore teke mykje omsyn til tunsiget.

På brattlendte stader var dei ikkje kvisame for å leggja tūnet heilt opp til utmarki. Der var det smerte å lata būsken ut og inn, godt utsyn - og dertil ei so stor "våte" som mogeleg nedetter bøen. Dette vog for dei gamle meir en at det var tungrimt bústad. - Ei "våte" kunde vera både på flat, våtlendt mark der det treivst grovt, stridvokse gras (skerøgras) og på hallande mark der det var "tå-seg". Då vart det tōgras (rätt), tōfjör (turt).

Åkrane laga dei på tūrlendt mark. Nedetter og kring åkrane var beste og meste langhöyet i gamal tid. Ei tōe. Tad: "tā". "Eveta" (oveta): godt smültra fräu spreidd utover kornåkeren, ikkje mediflögd.

Sp. 8. Mesteparten av fräna vart köyrd ut på vinterföret. Til det bruktest "mökjaslede": fast, tett overdel med side- og endefjöler. Det er både gammalt og nyare reidskap berre med den skilnad at i nyare tid er sledane meir forseggjorde og med jærnskoning under meierne. Til ei 150 år sidan var her lite og iunkje vogner på gardane, so det bruktest slede sūmar som vinter med ishodde meier, var det mykje gardsköyning opp til tūnet eller i andre bratte motbakkar, so la dei tūnnar tvart over vegen tett i tett som i ei vanleg brätstö.

För i 1880-talet var det ikkje grasfrötillsäing av gammal åker, - og ikkje künstherd. No bar det til so smält å fräna mark. Men först i 1890-talet, när det tok til med meieribruk, vart det fart i å sä grasfrö i gamleåkrane og avle langhöy.

Gjödsla markane om våren avdi her er so mykje regn om vintrane. Fräuingi gjekk fyre seg i regnvær på den måten at dei randa små haugar på marki, spreidde med greip, köyde sidan over med ei "sloe" laga av björkaris med eitkrort tungt oppå. Seinare bruktest mosehov i staden; andre raka og smültra fräna med högrive. Dette siste var no saint og arbeissant.



4.  
Sp. 9. Her var samarbeite høyst og vår på all slåttemark til det vart utskifting. Då vart byta samla i større teigar, - og samarbeite retten ut av kraft. Bøbeiting var berre for å drygja føret.

Einskilte gode engstykke var inngjerde særskildt for å hegna om nokre frukttrær og verja mot gnaging og krøtertrakk. Høyde ofta at grasets vart tettare i rottr nær markane var beitt. Slikt var sagt og diverre trudd av mange.

Sp. 10. Dei fyrste utskiftingane på bøen tok til på einskilte gardar i 1870-80 åri og her halde fram etter kvart folk såg fordelan. For kvar utskifting som vart serdig vart det med di same nye brukmatar. No er alle bøane skifta og då er det kvar si sak å gjeta eller tjora på sine teigar. Det er skynleg at bøbeiting i vanleg meining er slutt.

Sp. 11. Når dei rydde slåttemark om våren vart gjødselklatte-  
arne smuldra, men sers reidskap anna en høyriva var vist ikkje brukt.

Sp. 12. Langt attende i tidi var det berre vinterfjøsar - og ofta lange råk til hamnegangen. Seinare vart alle slike lange råk sløyfa etter kvart utskiftingane ordna med dette gamle tilstandet. Då vart sumarfjøsar bygd ved utmarki. Og etter kvart slatta vert til kultarbeite og tilhøva gjerne so, at dei må ha ein fjøs på kvar stad, men ikkje for å samla fram, serleg - men for at kyrne må vera inne.

Sp. 13. Kyrne er framleies i fjøs om neterne. I den tidi sau og geit var gjøtt langt til fjells om dagane, var dei og inne nattes tider. Dei som ha ein "jeile", lambe-  
jeile" eller "kalvejeile" sleppte lamb og tje dit om dagane.  
I 1880-90 åri var ikkje "ovargesdyra" so plagsame meir og då vart sauene jaga til fjells om våren.



Sp. 14. Jæilane hadde fast innhegning.

Sp. 15. Alle dyr skulde vera inne om neterne.

Sp. 16. Her må nemnast at folke var ikkje øttelause for kreturi om dei var inne i fjösane heller. Uttryggaste om høstane når graset i fjellskreaå trena. Då kom dei bjørnane ned på gardane som ha vart på Krötera. Slike kalla dei "fjösbjörn". Hine som dei såg gjekk i skreaå heile sumaren og åt gras kalla dei "skrebjörn". - Fjösane i den tid var ikkje bygde inne i løchusi, var alltid takkt med torvtak, og låge som dei var hende det ofte at bjørnen bykste oppå taket, gravt torv, never og trofjoles tilside og kom seg ned i fjösen - viss dette var laglegare en å bryte inn dør eller glugg. Difor låg det jonnaste gjentar på fjöslemer m.a. for å vakta. Det var bjørnar som var so morsökene at det var turrande å ha ei trankole hangande å brenna i fjösen for å gjera det utrygt for han, eller ei lykt rite i tønnet hangande på sin stakje med eitt brennande talgljos i, eller ein vasshammar som gjekk bort i ei grav og banka på ei gammal malmgryte, eller sume slo ei nokre slag i løerveggen med ei tve fyrer dei la seg.

Sp. 17. Ukjent.

" 18. — —

Sp. 19. Ei kvi eller kvie er lite brukt no, men jæilei.

Ei trö: ein gang millom tvo fjösar, gjerne med takover gangen var nemnt, fjöströa. - Eller og eit gamaldags gardsrom der mange gardmenn ha fjösar og andre uthus so der var mykje trakte.

Ei stö: båtstö.

Ei stöe: ei lang stöe når nokon stend lenge og jvata.

2308



6.  
Eit stöe: eit "øykjestöe": der øykjerne liker å stå anten i tinn  
eller mørke natti når dei ikkje et.

Eit sjenstöe: der kyrne laut bergast over når det var übergeleg  
varmt og det samlast til mykje klegg og ijenflog.

Stöl. Ein löstöl: ein opprydd plass å tørke høy på ved üt-  
slättlöa. Säterstöl like eins ein opprydd plass der säterhusi stand.

Sp. 20. Sätergjere er gamalt brük på alle säterstolar der  
det på rimelig måte hev vore råd å få til slättamark. På  
süne stolar kunne det vera fleire mann om ei innhegning,  
på andre stolar fleire gjerde med råk og trakk millom.

Fräua ha dei helst på om høsten avdi varen kjem seint  
der. Smüldra ho om varen. - Mange av dei som hev kjørevog  
til stölane held fram med å avla "säterhög" endå.

Sp. 21. För hev var künstgjödsel var det mange som  
køyde si 400 lass myr om vintrane, som på gymse  
måtar vart blanda i gjödsla som oppsamlas av den flytande.

Gjödselemne som ikkje kunne brukast på åkeren  
slikk det var, la dei i moldongar til gjering eit år eller  
tvø, hakka det so i hop til åkerfräu.

Oska og sot vart sådd på mark sosnart det vart.